

Bilen til Google map street view har no fått registrert store delar av Kvinnherad på bildekartet sitt - også heile strekninga langs riksvegen gjennom Uskedalen (sjå bileta).

Dermed kan ein no klikka seg fram meter for meter, stoppa opp og sjå 360 grader rundt!

Tidlegare har land som USA og Storbritannia kunna gle seg over denne funksjonen til Google, men no står altså Noreg for tur. Føremålet er å visa detaljerte kart kombinert med faktiske bilete av gater og adresser.

Men Google har også vorte kritisert etter at personar i uheldige situasjonar har vorte publisert på nettet, skriv Kvinnheringen.

Ein populær nettaktivitet no er å leita etter kjensfolk og pussige situasjonar.

I Uskedalen er det ikkje så mykje folk å sjå, med unntak av ein kar som går med grasklipparen langs riksvegen omtrent der elva kjem ut og ein barnevogntrillar i sentrum. Opptaka er gjort ein vakker sommardag.

Av Ola Matti Mathisen